



OVER HANDSPIKI: F.v. Steinar Bruheim, Bjørn Gjelsten, Elin Tyssedalstveit og Bjørnar Bjørhusdal.

(Foto privat)

Vandre- marsj over fjellet

■■ Snakka med miljøstatsråden

■■ Vil verna elvane

LUSTER: – Elvane i Jostedalen skal framleis renna fritt. Det var den klare bodskapen miljø- og utviklingsminister Erik Solheim fekk overlevert frå aksjonistar i Jostedalen.

Sju personar la i veg frå Styggevatnet over Handspiki til Sota ved Skjåk i samband med opninga av Breheimen nasjonalpark i helga, ein tur som tok fire timar i roleg gange. Det vart ein våt tur. Over Handspiki 1.400 meter over havet, der Jostedalen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark møtest, var det jamvel litt snø i lufta.

Bodskap

– Men det var vel verdt å ta turen, seier Steinar Bruheim, ein av aksjonist-

ane som tok turen over fjellet.

– Me gjekk for å få fram bodskapen vår og dei planane Statkraft har for å bygga ut resten av dei frittrennande elvane i Jostedal. Me la fram vårt syn på desse utbyggingsplanane for Solheim, seier bruheim.

– Var han lydhøyr?

– Ja, det vil eg seia at han var. Han inviterte oss til å koma til Oslo og departementet etter kvart. No er det tidleg i kraftutbyggingsprosessen, men eg trur me fekk fram kor viktig det er for Jostedal som turistbygd at me har ein fri natur der det kan drivast skikkeleg aktivitetsturisme.

Tidleg ute

Bruheim seier dei ynskjer å vera tidleg på bana i denne saka.

– Me har sett litt på kva dei har gjort i Leikanger, der dei har vore på etterskot heile vegen. Me ynskjer å vera tidleg ute og ikkje dilta

etter. Difor er det viktig at me får fram synspunkta våre tidleg i prosessen.

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim seier det vil vera feil av han å kommentera utbyggingsplanane til Statkraft på direkten.

– Eg kjenner ikkje saka godt nok til det.

Innsamling

Aksjonsnemnda i Jostedal har samla inn 158 røyster på nett mot utbyggingsplanane. I tillegg er det lagt ut lister på sentrale plassar i Jostedal.

Statkraft vil byggje ut åtte urørte elvar på vestsida av Jostedalen og nedre del av Vigdøla. Dersom Statkraft sine planar vert gjennomførte, vil elva frå Nigardsbreen vere den einaste urørte på den 20 km lange strekninga med busetnad i bygda.

Jan Egil Fimreite

jan.egil.fimreite@sognavis.no